# LINDÅS KOMMUNE

Nye Garveriet As
Isdalstøbakken 103

5914 ISDALSTØ

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: Ref.:E875XT- Skjemanr.:247 | Tove Mette Arnø Fyllingen | 20.10.2017 |
| Vår: 17/2778 - 17/30141 | ftm@lindas.kommune.no | |

# Søknad om serverings- og skjenkebevilling

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

***Klage***
*Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova § 29.*

*Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar. jf. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.*

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakarar:

Anette Røen, Nye Garveriet As

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 086/17 | Formannskapet | PS | 19.10.2017 |

| Saksbehandlar | | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Reidun Sæbdal | | 17/2778 |

**Serverings- og skjenkeløyve Nye Garveriet AS**

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av serveringslova § 6 og alkohollova § 1-7 b vert søknad om serverings- og skjenkeløyvet ikkje innvilga.

- Løyvehavar: Nye Garveriet AS, Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 833 418
- Dagleg leiar for serveringsløyvet: Anette Røen, Fosse 51 b, 5918 Frekhaug, f. 300985
- Serverings- og skjenkestad: Nye Garveriet , Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø
- Styrar for skjenkeløyve: Kenth Roger Solheim, Mykingvegen 668, 5916 Isdalstø
- Avløysar for skjenkeløyve: Finn Øvstegård, Bruvegen 46, 5914 Isdalstø
- Alkoholvare: all alkoholhaldig drikk
- Omfang: alminneleg og slutta selskap.
- Type verksemd: spisestad

**Klage**
Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar. jf. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

...............................

**Formannskapet - 086/17**

**FO - behandling:**
Møtet vart lukka etter § 13 1.ledd i off.lova for utgreiing av årsak til avslag i framlegg frå rådmann.
Møtet vart opna igjen etter denne gjennomgangen.
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FO - vedtak:**
I medhald av serveringslova § 6 og alkohollova § 1-7 b vert søknad om serverings- og skjenkeløyvet ikkje innvilga.

- Løyvehavar: Nye Garveriet AS, Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø, org.nr. 914 833 418
- Dagleg leiar for serveringsløyvet: Anette Røen, Fosse 51 b, 5918 Frekhaug, f. 300985
- Serverings- og skjenkestad: Nye Garveriet , Isdalstøbakken 103, 5914 Isdalstø
- Styrar for skjenkeløyve: Kenth Roger Solheim, Mykingvegen 668, 5916 Isdalstø
- Avløysar for skjenkeløyve: Finn Øvstegård, Bruvegen 46, 5914 Isdalstø
- Alkoholvare: all alkoholhaldig drikk
- Omfang: alminneleg og slutta selskap.
- Type verksemd: spisestad

**Klage**
Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland, jfr. alkohollova § 1-16. Klagefristen er tre veker, jf. forvaltningslova § 29.

Høve for klage må nyttast før det i tilfelle kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerda er kome fram for klagar. jf. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13. august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

..............................

**Saksopplysningar:**

## Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

## Bakgrunn

Nye Garveriet AS har søkt om serverings- og skjenkeløyve på same vilkår som tidlegare etter overdraging og eigarskifte.
Ved slik endring fell den tidlegare bevillinga bort og ein må søkja om nytt løyve. Ein kan likevel fortsetje på den tidligere bevillinga i inntil tre måneder, dersom kommunen er underretta om dette og det vert søkt om ny bevilling. Jf. alkohollova § 1- 10.

**Vurdering**

Kriterier i alkohollova §1-7 a og kommunens alkoholpolitiske plan vert lagt til grunn i vurderinga av søknaden. Det er etter serveringslova § 6 og alkohollova § 1-7 b krav til uklanderleg vandel i forhold til alkohollovgjevinga og anna lovgjeving som har samanheng med alkohollovas formål, samt skatte-, avgifts- og regnskapslovgjevinga.

Det ligg føre uttale frå politi, skatte- og avgiftsmyndigheiter. Kemnaren i Nordhordland har økonomiske vadelsmerknader til bevillingsøkjar. Desse merknadene som er unnateke offenlegheit vert vurdert til at det ikkje er foreineleg med at løyvet vert gjeve.

Søknaden vert tilrådd ikkje innvilga og noverande drift må opphøyre når vedtak ligg føre.